

INNOVASJON OG GRØNE ARBEIDSPlassAR

Korleis er det greit å ytra meiningane sine i lokalpolitikken?

Irene Nilsen-Sjo kjem med harde skuldingar i lokalavisene etter at fleirtalet i Kommunestyret sa ja til å gå vidare med planane om å fusjonere nettverksemda i Kvinnherad Energi inn i BKK eller Haugaland Kraft. Å skjella ut politiske motstandarar og kollegaer i kommunestyret på denne måten høyrer ingen stad heime.

Vi vil ta avstand frå det å skikkanere meiningsmotstandarar utifrå tru og religion. Dette er å gå langt over streken. Det kan sjå ut som Irene Nilsen-Sjo skriv på vegne av Kvinnherad Arbeiderparti. Vil Kvinnherad Arbeiderparti ta avstand frå slike ytringer?

For oss handlar denne saka om klimaendringane som trugar kloden vår. Klimaendringane trugar oss alle, uavhengig av alder, kjønn, religiøs ståstad eller kor vi bur i verda. Ungdommane i kommunen vår er så uroa at dei demonstrerer i skuletida.

Gjennom ein fusjon vil Kvinnherad Energi få tilgang til tunge utviklingsmiljø som for tida satsar fleire hundre millionar kroner på det grønne skiftet. Begge tilbydarane ønskjer å bidra til å få realisert hydrogenprosjektet i Matre. Eit prosjekt som vil bli verdas største produksjonsanlegg for flytande hydrogen basert på fornybar vasskraft, og gi mange nye arbeidsplassar i Matre. Dette er innovasjon på sitt beste og ei grøn omstilling vi treng. BKK har i bodet sitt også signalisert ei satsing for å få realisert fjernvarmeanlegget på Husnes for å utnytta spillvarmen frå Hydro Husnes.

Gjennom stemmegivinga i kommunestyret er det Arbeidarpartiet og dei andre støttepartia som viser manglande innovasjonsvilje, og i tillegg seier dei nei til nye grønne kunnskapsarbeidsplassar i kommunen. Forstå det den som kan.

Slik Miljøpartiet dei Grøne ser på boda og presentasjonane som vart lagt fram i kommunestyret i sist veke, så tyder dei på ei satsing og ikkje ei nedbygging av vårt lokale energiverk. Begge tilbydarane gir klare lovnader om at alle tilsette vil vera sikra jobb. I tillegg opnar boda opp for realisering av særspanande grønne satsingar i kommunen som hydrogenproduksjon i Matre og fjernvarmeanlegg på Husnes basert på spillvarme frå Hydro sitt anlegg. Dette vil gi kommunen nye grønne og framtidsetta arbeidsplassar med positive ringverknader, spesielt for Matre. Dette vil gi optimisme i ein del av kommunen som treng nye arbeidsplassar, og i tillegg forsterka det unike fagmiljøet innan vasskraft som alt finns i Matre. MDG vil ha levande bygder og kortreiste framtidsetta arbeidsplassar, og no har me ein unik moglegheit til å få dette til. Det var i lys av dette vi stemte som vi gjorde.

I forhandlingane som no skal gjennomførast med BKK og Haugaland Kraft vil Miljøpartiet Dei Grøne spela inn at det er viktig at tilbydarane konkretiserer korleis dei kan bidra til ei spanande grøn satsing i Kvinnherad, og nye kunnskapsarbeidsplassar i tilknytning til dette.

Når det gjeld den pågåande diskusjonen om lovlegheita i vedtaket som Kvinnherad kommunestyre fatta i sist veke, så er dette noko som sjølvstøtt må avklarast snarast råd. Slik Miljøpartiet Dei Grøne ser på saka er vedtaket utan tvil lovleg, og det er først når saka skal endeleg handsamast 22. mai at vedtektene i Kvinnherad Energi blir aktualiserte. Slik vi ser det må saka endeleg avgjerast i ei ordinær eller ekstraordinær generalforsamling.

Miljøpartiet Dei Grøne
v/Jostein Saghaug og Matthias Zimmermann